



Til
prestar og prostar, sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, bispedømmeråd og biskopar

Innføring av Norsk salmebok 2013 i Den norske kyrkja

1. søndag i adventstida, 1. desember 2013, kan *Norsk salmebok 2013* (N13) takast i bruk i kyrkjelydar der soknemøtet har vedteke å innføre ny salmebok.

Bakgrunn

I samband med gudstenestereforma blei det i 2004 sett i gang arbeid med å gi Den norske kyrkja ei ny salmebok. Etter fire år kom framlegget *Salmebok 2008*, som blei send på høyring og prøvd ut i mange kyrkjelydar. På bakgrunn av høyringa blei det arbeidd vidare med salmeboka, og ho vart endeleg vedteke og autorisert av Kyrkjemøtet i april 2012.

Soknemøtet avgjer

Ifølgje kyrkjelova § 11 er det *soknemøtet* som avgjer om kyrkjelyden skal ta i bruk ny salmebok i gudstenesta, og som fastset frå kva dato boka skal takast i bruk. Ein treng ikkje eit vedtak i soknemøtet for å kjøpe inn nye salmebøker, men for å ta boka i bruk i gudstenesta. Om ein kyrkjelyd vil ta ny salmebok i bruk frå 1. søndag i adventstida 2013, må det haldast eit soknemøte før denne dagen.

Økonomi

Kyrkjerådet veit at økonomien i fellesråd og kyrkjelydar mange stader kan gjere det vanskeleg å finansiere innkjøp av nye salmebøker i år. Ein kan i så fall velje å leggje innkjøp av bøker inn i budsjettet for 2014. Somme kyrkjelydar har alt laga aksjonar for å skaffe pengar utanom ordinært budsjett, mellom anna ved å få medlemmer i kyrkjelyden til å tinge to bøker – ein til seg sjølv og ein til kyrkja. Det er òg mogleg for fellesråd/kyrkjelydar å gjere avtale med forlaget om tidspunkt for betaling.

Pris

Prisen på dei nye salmebøkene er forhandla fram mellom forlaget og Kyrkjerådet, og er i samsvar med vilkåra i kontrakten mellom Eide forlag og Kyrkjerådet frå 2008. Standardutgåva (kyrkjelydsutgåva) av *Norsk salmebok 2013* kostar 339 kroner, mens fellesråd/kyrkjelydar kan kjøpe pakker av 10 bøker for 2990 kroner, altså 299 kroner pr. bok. Det same gjeld storskriftutgåva. Kyrkjerådet har valt å gå inn for ein slik prisprofil, som gjer at bøkene ikkje blir dyrare for små kyrkjelydar enn for store. *Norsk koralbok 2013* (bind 1 og 2) kostar 1450 kroner pr. sett.

Digital utgåve

Norsk salmebok 2013 er òg tilgjengeleg i digital utgåve. Kyrkjelyden kan teikne abonnement på digital utgåve, som gir rett til å vise alle salmar digitalt under gudstenester i kyrkjelyden, eller skrive dei ut i ein agenda for gudstenesta. Ordninga er

forhandla fram mellom forlaget og opphavsorganisasjonane, slik at alle som har rettar til tekster og musikk får den godtgjerings dei har krav på. Utan å teikne abonnement har ein ikkje rett til å ha som normal ordning at ein viser tekstene digitalt i gudstenesta eller kopierer dei i ein agenda.

Forlaget har fastsett at kyrkjelydar som kjøper inn salmebøker i eit tal som svarer til gjennomsnittleg frammøte på gudstenestene, får 75% rabatt på det digitale abonnementet.

Vi viser ellers til meir informasjon om *Norsk salmebok 2013* på desse nettstadene:

www.kyrkja.no/salmebok

www.norsksalmebok.no

www.eideforlag.com

Oslo, 28. august 2013

Jens-Petter Johnsen
Direktør i Kyrkjerådet

Trude Evenshaug
Kommunikasjonsdirektør i Kyrkjerådet